



# Forskarutdanningsmelding 2023

Lagt fram for Forskingsutvalet 15. april 2024 og Høgskulestyret 7. mai 2024.  
Forskningsrådgivar Sunniva Hagen og forskningssjef Henriette Hafsaas



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1. Nøkkeltal.....	3
<b>2. Årsverk og opptak</b> .....	<b>4</b>
2.1. Opptak .....	5
<b>3. Kjønnsbalanse, aldersfordeling og nasjonalitet</b> .....	<b>5</b>
<b>4. Avlagte doktorgradar</b> .....	<b>5</b>
4.1. Gjennomføring i doktorgradsutdanninga – nasjonal styringsparameter .....	7
<b>5. Finansiering av forskarutdanning</b> .....	<b>7</b>
<b>6. Vitskapleg publisering</b> .....	<b>8</b>
<b>7. Ressursar til doktorgradskandidatar</b> .....	<b>9</b>
7.1. Oppstart.....	9
7.2. Driftsmidlar.....	9
7.3. Utanlandsstipend .....	9
7.4. Avhandlingsforum .....	9
7.5. Forskarskular.....	9
<b>8. Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag</b> .....	<b>10</b>
<b>9. Systematisk kvalitetsarbeid</b> .....	<b>10</b>
<b>10. Vidare arbeid</b> .....	<b>10</b>
<b>11. Kjelder</b> .....	<b>11</b>

### Bilete på framsida:

Ingeborg Katrin Lid Berget (frå venstre), Anne Natvig, Elisabeth Busengdal, Ingeborg Berg Skogen, Eivor Finset Spilling og Eli-Karin Sjøstad Åsebø. disputerte alle ved Høgskulen i Volda i 2023.

Foto: Steinarr Sommerset/HVO

## 1. Innleiing

Forskningsadministrasjonen har sidan 2010 lagt fram årlege forskningsmeldingar for styret ved Høgskulen i Volda (HVO). Dette er første året ei eiga forskarutdanningsmelding vert lagt fram. Forskarutdanningsmeldinga skal synleggjere arbeidet som vert gjort innan forskarutdanning ved HVO, og skal gi grunnlag for vidare utvikling.

Forskarutdanning er eit sentralt verkemiddel for kompetansebygging ved HVO og i regionen vår. Høgskulen i Volda har den lågaste delen førstekompetente i den statlege delen av UH-sektoren (TR 2023), og Møre og Romsdal er blant dei fylka i landet der prosentdelen av befolkninga med doktorgrad er lågast. I sum er stipendiatstillingar den mest verdifulle forskningsressursen som ligg til fellesnivået ved HVO.<sup>1</sup>

Dei fleste som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO er stipendiatar i tre- eller fireårsløp, og dei er tilsett på åremål ved ei av avdelingane. I tillegg arbeider nokre høgskulelektorar med doktorgradsprosjekt i forskingstida si i eit femårsløp gjennom den interne 50/50-ordninga. Somme faste tilsette arbeider også mot dr.philos. utan å vere tatt opp på eit doktorgradsprogram, og utan rettleiing og driftsmidlar.

### 1.1. Nøkkeltal

I desember 2023 hadde HVO 42 stipendiatar i løp. Seks av desse starta opp i løpet av 2023. Ni tilsette arbeidde med doktorgradsprosjekt i den interne 50/50-ordninga. I tillegg arbeidde fire tidlegare stipendiatar vidare med doktorgradsprosjektet sitt i FoU-tida på HVO etter utløpet av stipendiatperioden. Fire tidlegare tilsette med avslutta stipendiatfinansiering melder at dei framleis satsar på å ferdigstille doktorgradsprosjektet. Nøkkeltala for doktorgradsutdanninga for 2023 er presentert i Tabell 1.

**Tabell 1. Nøkkeltal for 2023. I tabellen er nokre tal oppgitt på institusjonsnivå av personvernomsyn.**

	AHL	ASH	AMF	AKF	Totalt
Tal stipendiatar	16	14	8	4	42
Tal kandidatar 50/50	9				9
Utlyste stipendiatstillingar	2	3			5
Nye avtalar (oppstart)	1	3	1	2	7
Avlagte doktorgradar	4*	1	1	2	8*
Gjennomstrøyming brutto					6,1 år
Gjennomføring 6 år (%)					60%
Avbrotne avtalar					3
Underkjenningar					0
Mindre omarbeidingar					2

\*Inkluderer dr. philos., elles har sju disputert med doktorgradsprosjekt.

Per 31. desember viser oppteljinga at det vart teke opp seks nye stipendiatar i 2023 (også omtalt som «nye avtalar»). I tillegg starta ein tilsett med doktorgradsprosjekt gjennom den interne 50/50-ordninga. Talet på nye stipendiatar i 2023 er lågare enn gjennomsnittet for dei tre tidlegare åra, som er 10,6 (8 i 2020, 12 i 2021 og 12 i 2022). Dette heng mellom anna saman med tilsettinga av seks ekstra "korona"-stipendiatar.

<sup>1</sup>Forskningsmelding 2022: [hivolda.no/sites/default/files/documents/forskningsmelding-2022-nettsida.pdf](http://hivolda.no/sites/default/files/documents/forskningsmelding-2022-nettsida.pdf)

## 2. Årsverk og opptak

I 2023 utførte stipendiatane 42 årsverk ved HVO (DBH<sup>2</sup>). Dette er det året der HVO har hatt flest stipendiatar i arbeid. I 2022 var talet 40 årsverk. Det er ei klar auke siste åra, frå 24 årsverk i 2019. I tillegg held åtte tidlegare stipendiatar fram med doktorgradsprosjektet med sikte på å levere arbeidet til bedømming. Ni tilsette arbeider mot ph.d.-graden i eit internt 50/50-løp over fem år. Tabell 2 viser talet på årsverk utført av stipendiatar ved HVO og samanliknbare høgskular i eit femårig perspektiv.

**Tabell 2. Årsverk utført av stipendiatar ved samanliknbare høgskular dei siste fem åra (DBH).**

Institusjon	2019	2020	2021	2022	2023	Gj.
HVL	132	140	155	160	159	149
HiNN	92	98	99	131	135	111
VID	43	47	51	41	43	45
HiØ	23	29	37	45	37	34
HVO	24	17	28	40	42	30
HiM	23	25	28	30	29	27

Auken i årsverk utført av stipendiatar ved HVO i 2022 er eit resultat av utlysing av mange stipendiatstillinger i åra 2020 og 2021. Tabell 3 syner utlyste stipendiatstillingar ved HVO dei siste fem åra.


**Tabell 3. Utlyste stipendiatstillingar ved HVO dei siste fem åra.**

Årstal	2019		2020		2021		2022		2023		Totalt	
	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett
Ordinære utlysingar												
Mediefag					3	3					3	3
Kulturfag					3	2					3	2
Lærarutdanning	2	2	2	2	5	5					9	9
Kultur møte			1	1							1	1
Nynorsk	1	0			1	1					2	1
Helse- og sosialfag	3	2	3	2	2	2	2	2	3	1	13	9
Samfunnsplanlegging og leiing	1	1									1	1
NFR-prosjekt, Manreport					2	2					2	2
Opne stillingar	4	3									4	3
NFR-prosjekt, Prog4math									1	1	1	1
Koronastipendiat, 2020			6	6							6	6
<b>Total</b>	<b>11</b>	<b>8</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>16</b>	<b>15</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>45</b>	<b>38</b>
<b>Eksternt finansierte</b>												
Møre og Romsdal fylke							1	1			1	1
NFR-prosjekt, Prog4math									1	1	1	1
<b>Totalt utlyst og tilsett</b>	<b>11</b>	<b>8</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>16</b>	<b>15</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>47</b>	<b>40</b>

Samanlikna med andre høgskular syner Diagram 1 at HVO over tid har hatt færre rekrutteringsstillingar pr. undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling. Den låge prosentdelen ved HVO har også samanheng med få eksterne prosjekt. Veksten i stipendiatårsverk dei siste to åra er vurdert som nødvendig for å oppretthalde og auke nivået på tilsette med førstekompetanse.

<sup>2</sup>[Database for statistikk om høyere utdanning - DBH \(hkdir.no\)](https://hkdir.no), rapportert pr. 1. oktober 2023.

Diagram 1. Prosentdel årsverk i rekrutteringsstillingar av undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling.



## 2.1. Opptak

I 2023 vart det utlyst to stipendiatstillingar knytt til forskingsprosjektet «*Programming for developing mathematical competencies*», og inntil tre stipendiatstillingar på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag. Dei som vart tilsett startar opp i 2024.

Oppstart som stipendiat eller 50/50-kandidat føreset opptak på eit doktorgradsprogram gjennom ei formalisert skriftleg avtale som regulerer rettar og plikter til partane gjennom doktorgradsløpet.

## 3. Kjønnbalanse, aldersfordeling og nasjonalitet

69 prosent av stipendiatane ved HVO er kvinner, medan 67 prosent av doktorgradskandidatane i 50/50-ordninga er kvinner.

Gjennomsnittsalderen for stipendiatane ved HVO var 40 år i 2023. Gjennomsnittsalderen ved dei statlege høgskulane var 38 år, mot 33 år som gjennomsnitt i sektoren (DBH). Gjennomsnittsalderen for 50/50-kandidatane ved HVO er 51 år.

Ni av stipendiatane ved HVO er internasjonalt rekrutterte.

## 4. Avlagte doktorgradar

I 2023 vart det avlagt åtte doktorgradar av personar som er eller har vore tilsett ved HVO.<sup>3</sup> Dette er det høgaste talet nokon sinne. Av dei avlagte doktorgradane var det tre som disputerte på doktorgradsprogrammet som HVO har saman med Høgskolen i Molde (HiM), fire samarbeidsgradar der kandidaten har tatt doktorgraden ved annan institusjon med HVO som arbeidsgivar, og éin dr.philos. To av dei som disputerte på doktorgradsprogram ved andre institusjonar tok doktorgraden gjennom 50/50-ordninga. Av dei avlagte doktorgradane i 2023 var 87,5 prosent kvinner. Fire av dei som disputerte i 2023 arbeider i dag i ei fast stilling som førsteamanuensis ved HVO, to arbeider ved andre institusjonar, ein arbeider i vikariat/engasjement ved HVO, og ein er pensjonist.

<sup>3</sup>Sjå: [Disputasar ved tilsette på Høgskulen i Volda | Høgskulen i Volda \(hivolda.no\)](https://www.hivolda.no/)

Tabell 4. Tal disputasar ved HVO dei siste 5 åra.

År	2019	2020	2021	2022	2023	Total
AHL	2	4	3	1	4*	14
ASH	1		1	4	1	7
AMF	1		2		1	4
AKF					2	2
Avlagte doktorgradar	4	4	6	5	8*	27
HVO på eige program	-	-	1	4	3	8

\*Inkluderer dr. philos.

Dei siste fem åra har det blitt avlagt 27 doktorgradar av tilsette ved HVO. Tabell 4 syner at det har vore ganske jamt med disputasar ved HVO dei siste fem åra, med ein auke i 2023.

Forskningsadministrasjonen vurderer det som sannsynleg at vi også får mange disputasar i 2024 og nokre år framover. 67 prosent av dei som har avlagt doktorgrad ved HVO dei siste fem åra er kvinner. 29 prosent har tatt doktorgraden på doktorgradsprogrammet som HVO har saman med HiM.

Figur 1. Kandidatar som avla doktorgrad i 2023, utdrag frå nettsida til HVO og NTNU<sup>4</sup>.



**Elisabeth Busengdal,**  
disputas 24.11.23.

Avhandling: *Relasjonsbygging i kommunalt integreringsarbeid. Ein studie av implementering av integreringspolitikk og samarbeid på tvers av sektorar og styringsnivå.*



**Anne Natvig,**  
disputas 27.10.23.

Avhandling: *Fragmented professionalism: Journalism culture in Cuban state media.* Arbeider no ved Nynorsk kultursentrum.



**Eli-Karin Sjøstad Åsebø,**  
disputas 6.10.23.

Avhandling: *Exploring Contextual Stressors and Coping Strategies in Physical Education. A Case Study Approach.*



**Eivor Finset Spilling,**  
disputas 5.5.23.

Avhandling: *Handwriting versus keyboarding in first grade: Which modality best supports written composition performance and learning?*



**Ingeborg Katrin Lid Berget,**  
disputas 26.4.23.

Avhandling: *Mathematical modelling in upper secondary school.*



**Jan Ove Ulstein,**  
disputas 24.3.23.

Avhandling: *Oppbrotsteologi på det lange 70-talet. Frigjeringssteologi, marxisme, sosialetikk.*



**Marianne Hagelia,**  
disputas 24.2.23.

Avhandling: *Fra gamer til kodeekspert – om å bane sin egen vei i livet for å komme seg dit en må være.* Arbeider no ved Høgskolen i Østfold.



**Ingeborg Berg Skogen,**  
disputas 3.2.23.

Avhandling: *Stor og aktiv? Ungdommer og helsesykepleiere om fysisk aktivitet som oppfølging for ungdom med overvekt.*

<sup>4</sup> [Disputas fredag 24. februar 2023: Marianne Hagelia - Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap - NTNU](#)

#### 4.1. Gjennomføring i doktorgradsutdanninga – nasjonal styringsparameter

Gjennomføringsgraden i forskarutdanninga er ein av styringsparametrane til Kunnskapsdepartementet. Ei doktorgradsutdanning er normert til tre år og har normalt eitt årsverk med pliktarbeid i tillegg. Gjennomføringsgraden for ph.d.-kandidatar vert målt ved å sjå på delen ph.d.-kandidatar som har fullført seks år etter opptak på ph.d.-program. Ved HVO er det også fleire stipendiatar som er inne i eit femårig internt løp. Styringsparameteren for gjennomføring tar dermed eit visst omsyn til lengre opphald i forskarutdanninga av ulike årsaker (TR 2023: 61).

I 2023 fullførte 60 prosent av kandidatane som starta eit doktorgradsløp på HVO i 2017 innan seks år. For våre kandidatar i doktorgradsprogrammet med HiM var det 50 prosent som fullførte innan seks år. Landsgjennomsnittet var 65,7 prosent i 2023. På sektornivå har tala halde seg jamne over tid, men på institusjonsnivå kan det vere store årlege variasjonar. Dette gjeld spesielt for mindre institusjonar, der små endringar kan gi store utslag i prosent. Derfor er det viktig å følgje tala over tid for å få eit nøyaktig bilete (TR 2023: 61). Våre 50/50-kandidatar er inne i doktorgradsløp som er femårige, og det er i utgangspunktet tett på den nasjonale styringsparameteren for gjennomføring. For kullet som starta i 2017 har dei stipendiatane som ikkje fullførte innan dei seks åra valt frivillig avslutning før utløpet av stipendiatperioden. I sektoren er det vanleg at rundt 15 prosent av dei som startar på doktorgradsutdanninga trekk seg frå avtalen – gjerne dersom dei ikkje vert ferdige med doktorgradsprosjektet i stipendiatperioden (Ph.d.-utdanningsmeldingen 2022, UiB).<sup>5</sup>

Det er viktig at HVO har tett oppfølging av kandidatane i finansieringsperioden, då det er meir utfordrande å fullføre når perioden har gått ut. Forskingsadministrasjonen vurderer at HVO bør få på plass rutinar for oppfølging av kandidatar der framdriftsrapporteringa viser at dei har utfordringar med å verte ferdige på tida. I tillegg bør HVO undersøkje årsakene til fråfall. Med tanke på god statistikk på gjennomføringsparameteren er det strategisk at stipendiatane startar i løpa sine tidleg i kalenderåret.

Brutto gjennomføringstid for kandidatane som avla doktorgraden for HVO i 2023 var 6,1 år.<sup>6</sup> Brutto gjennomføringstid er tid utan fråtrekk for permisjonar eller eventuelt pliktarbeid, og inkluderer også tid etter at finansieringsperioden eventuelt er over.

I 2023 var det tre doktorgradsavtalar som vart avbrotne gjennom frivillig avslutning av kandidaten. Ein doktorgradsavtale vert avbrote når anten doktorgradskandidaten eller institusjonen avsluttar avtalen. Kandidaten kan søkje om frivillig avslutning, medan doktorgradsprogrammet berre har høve til å krevje tvungen avslutning på bakgrunn av ureieleg forskning eller om kandidaten i vesentleg grad ikkje oppfyller pliktene sine etter doktorgradsavtalen (t.d. gjennom manglande framdrift). Ei avhandling vert underkjent dersom den har vore levert til bedømming og vorte vurdert som ikkje verdig til forsvar. Ingen doktorgradsprosjekt vart underkjent i 2023.

## 5. Finansiering av forskarutdanning

Stipendiatane ved HVO er i hovudsak finansierte over løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. I 2023 var 97,6 prosent av stipendiatane finansierte av HVO.

Forskringsrådet (NFR) utgjer til vanleg den største kjelda til eksternt finansierte doktorgradsstipend ved HVO. Ein av stipendiatane som disputerte i 2023 var finansiert av Forskringsrådet gjennom prosjektet DigiHand. Etter at forskingsprosjektet *Programming for Developing Mathematical*

---

<sup>5</sup>Sjå: [5001\\_vedlegg\\_-\\_ph.d.-utdanningsmeldingen\\_2022\\_.pdf \(uib.no\)](#)

<sup>6</sup>I dette talet er ikkje tatt med dr. philos. og kandidaten som slutta i 50/50-ordninga ved HVO og som sidan disputerte etter å ha arbeidd med avhandlinga på fritida.

*Competencies* fekk støtte frå NFR i 2023, vil éin av to stipendiatar i prosjektet vere finansiert av NFR. I tillegg finansierer Møre og Romsdal fylke eitt doktorgradsprosjekt som starta opp i 2023 på programmet *Sirkulære system for eit berekraftig Møre og Romsdal*. Forskingsadministrasjonen vurderer at HVO har potensial til å få ekstern finansiering til fleire doktorgradsprosjekt.

HVO-tilsette som skal søkje om opptak på doktorgradsprogram utan å vere stipendiatar må på førehand søkje dekan om tilsegn på finansiering gjennom 50/50-ordninga. Dekanen gir godkjenning ut frå strategiske og økonomiske vurderingar. HVO-tilsette i doktorgradsløp er som regel kvalifiserte for driftsmidlar som avdelinga finansierer.

## 6. Vitskapleg publisering

I 2023 var 10 prosent av alle vitskaplege publikasjonar ved HVO eine- eller medforfatta av ph.d.-stipendiatar. Når dei i 50/50 ordninga er inkludert er talet 13 prosent. I 2022 var 10 prosent av alle vitskaplege publikasjonar ved HVO eine- eller medforfatta av ph.d.-stipendiatar (14 prosent når 50/50 ordninga er inkludert), medan talet var 19 prosent i 2021 (20 prosent med 50/50 ordninga). Nedgangen i talet publikasjonar forfatta av ph.d.-kandidatar dei siste to åra ser vi i samanheng med at mange er i byrjinga av doktorgradsprosjektet. Talet viser at stipendiatane bidreg til å heve publiseringa ved HVO.


Av dei vitskaplege publikasjonane eine- eller medforfatta av ph.d.-kandidatar var 74 prosent tidsskriftartiklar, medan 26 prosent var antologiartiklar (høvesvis 67 og 33 prosent med 50/50 ordninga).

Andelen forfattarbidrag på nivå 2 var 21 prosent for publikasjonar med ph.d.-kandidatar. Forskingsadministrasjonen vurderer dette som bra for forskarar i starten av karrieren.

Stipendiatane produserte i snitt 0,33 publiseringspoeng pr. årsverk i 2023, mot 0,23 i 2022 og 0,58 i 2021. Figur 3 syner ei framstilling av publiseringspoeng per årsverk for stipendiatane dei siste tre åra.

Dei tilsette som tar forskarutdanning i 50/50-ordninga produserte 0,63 poeng pr. årsverk i 2023, mot heile 1,22 poeng pr. årsverk i 2022.

**Figur 3. Gjennomsnittleg publiseringspoeng pr. årsverk for stipendiatane ved HVO, 2021-2023.**



## 7. Ressursar til doktorgradskandidatar

### 7.1. Oppstart

Forskningsadministrasjonen gjennomførte oppstartsseminar for nye ph.d.-kandidatar i desember 2022. Grunna få nye stipendiatar vil det neste oppstartsseminaret bli arrangert hausten 2024. Føremålet med oppstartsseminaret er å ønskje nye stipendiatar velkomen og informere om relevante tenester, støtteordningar med meir. Informasjon frå IT, Biblioteket, Personal- og dokumentforvaltning, Kommunikasjon og Forskningsadministrasjonen er til vanleg ein del av programmet. Det vart i tillegg arrangert eit kurs i mental styrketrening for stipendiatane hausten 2023, der somme stipendiatar fekk individuell oppfølging i etterkant.

### 7.2. Driftsmidlar

Doktorgradskandidatar som er tilsett ved HVO får tildelt driftsmidlar for å dekke nødvendige driftskostnader for å gjennomføre forskarutdanninga i den avtalte tilsettingsperioden. Alle stipendiatar og 50/50-kandidatar får som hovudregel kr. 150 000 i driftsmidlar for doktorgradsperioden. Stipendiatane har samlokaliserte kontorplassar på Lettbygget.

### 7.3. Utanlandsstipend

Stipendiatar ved HVO kan også søkje om støtte til utanlandsopphald. Ved tildelinga av utanlandsstipend for 2023 gjekk fire av åtte stipend til stipendiatar eller tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt. Av desse var to kandidatar på eit lengre opphald utanfor Europa. I utlysingane i 2022 og 2023 har det vore ein auke i talet søknadar om utanlandsstipend frå doktorgradskandidatar. Korona er ein av årsakene til at få har reist på utanlandsopphald dei siste åra, men også i åra før 2020 vart det motteke få søknadar om støtte til utanlandsopphald frå ph.d.-kandidatar ved HVO.

### 7.4. Avhandlingsforum

Avhandlingsforum vart oppretta i 2014 for å følgje opp stipendiatane og styrke gjennomføringsgraden for alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. I 2023 hadde Avhandlingsforum fire møter i semesteret. Eitt av møta var i samarbeid med Forskningsdagane. Dei ordinære møta veksla mellom framlegging av prosjekt og særlege tema, som t.d. tidsbruk, arbeid med kappa og førebuing til disputas.

### 7.5. Forskarskular

HVO er medlem av regionale og nasjonale forskarskular på relevante fagområde for å støtte den faglege utviklinga til stipendiatane og 50/50-kandidatane.<sup>7</sup> I 2023 var HVO med i følgjande forskarskular:

- Western Norway Graduate School of Education II (WNGER II)
- Profesjonsretta og praksisnær forskning på områda helse, velferd og utdanning (PROFRES)
- Norwegian Graduate School in Mathematics and Science Education (MaScE)
- Den nasjonale forskerskolen i historie (The Norwegian Research School in History, NRSH)
- Religion - Values - Society (RVS)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies

PROFRES og MaScE starta opp i 2022 med støtte frå Forskningsrådet. For fleire av dei andre forskarskulane må HVO betale for å delta. Deltakinga i forskarskulane frå stipendiatane ved HVO varierer.

---

<sup>7</sup>[Forskarskular og forskarkurs | Høgskulen i Volda \(hivolda.no\)](https://www.hivolda.no)

## 8. Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag

Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde tilbyr i fellesskap ph.d.-utdanninga: "*Helse- og sosialfag. Profesjonsutøving - vilkår og utvikling*".<sup>8</sup> Dei første stipendiatane på programmet ved HVO starta opp hausten 2015. Ved utgangen av 2023 hadde Høgskulen i Volda 13 stipendiatar på programmet. Hittil har åtte HVO-stipendiatar disputert – ein i 2021, fire i 2022 og tre i 2023.

Metodeforum er ei gruppe for alle kandidatar, rettleiarar og faglege som er knytt til doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag. Metodeforum inkluderer både faglege og sosiale aktivitetar, og i regi av Metodeforum vart det arrangert to fysiske samlingar i 2023. Leiar for Metodeforum er Erlend Vik, Høgskolen i Molde.

Doktorgradsutvalget for helse- og sosialfag er ansvarlege for opptak til og for gjennomføring av ph.d.-studiet. Årlege framdriftsrapportar er ein sentral del av kvalitetsarbeidet. Midtvegsevaluering skal verte gjennomført innan 2/3 av ph.d.-perioden for alle kandidatar som er tatt opp på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag. Våren 2024 vart det gjennomført ei kandidatundersøking.

## 9. Systematisk kvalitetsarbeid

*Forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat* vart endra 1. juli 2023 som følgje av spørsmål om praksisen rundt frávær på grunn av barns sjukdom var eit brot på likestillings- og diskrimineringslova. Punktet som vart fjerna var § 2-3 femte ledd: «Frávær som skal gi grunnlag for forlengelse, må utgjøre minst to sammenhengende uker». HVO hadde allereie inkludert rett til forlenging for sjuke barn i versjon 5 av *Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO*, gjeldande frå 2022. Hausten 2023 vart eigenmeldingar ved sjukdom også lagt til som frávær som gir grunnlag for forlenging ved HVO, med verknad frå 1. juli 2023.

Alle stipendiatar ved HVO skal følgjast opp med medarbeidarsamtalar minst ein gong i året. Dekan har ansvaret for gjennomføring av medarbeidarsamtalen. Vidare skal stipendiaten følgje planen om framdriftsrapportering som er på doktorgradsprogrammet sitt. Stipendiatar som går på doktorgradsprogram ved ein annan institusjon skal sende kopi av framdriftsrapporten til dekan for arkivering. På alle avdelingane ved HVO er medarbeidarsamtalar med stipendiatane blitt gjennomført i 2023. Nokre få samtalar er blitt utsett, men er planlagd gjennomført våren 2024. Med unntak av ei avdeling, er framdriftsrapportar blitt levert.

Stipendiatforeninga er eit fellesforum for alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved Høgskulen i Volda. Forskingsadministrasjonen har årlege statusmøter med stipendiatforeninga. I 2023 var det eitt statusmøte på hausten. Stipendiatforeninga er også representert i Forskingsutvalet ved HVO.

## 10. Vidare arbeid

HVO vil vidare rette merksemd mot ulike nøkkeltal, sikre god gjennomføring, og fortsette å arbeide med aktuelle tiltak. Som ein del av kvalitetsarbeidet, vil Forskingsadministrasjonen framover arbeide med å få på plass ei ph.d. handbok. Handboka skal vere eit hjelpemiddel for dei som tek doktorgradsutdanning. Informasjonen vil ta utgangspunkt i aktuelle lover og reglar, og inkludere viktige element frå opptak, undervegs i løpet, og fram til disputas.

---

<sup>8</sup>[Ph.d. i helse- og sosialfag | Høgskulen i Volda \(hivolda.no\)](https://www.hivolda.no)

I 2024 vil HVO arbeide vidare med systematisk kvalitetsarbeid, og Forskingsadministrasjonen vurderer mellom anna ei kandidatundersøking og alumnusundersøking. HVO bør etablere rutinar for oppfølging av kandidatar som i framdriftsrapporteringa viser utfordringar med å fullføre i finansieringsperioden. I tillegg bør HVO undersøkje årsakene til fråfall.

Doktorgradsprogrammet *Utdanning, språk og kultur*, som er HVO sitt første eigne doktorgradsprogram, er godkjent av NOKUT og KD. Tilbodet kan vere i gang i 2025.

## 11. Kjelder

Tre eksterne datakjelder har vorte nytta i arbeidet med Forskarutdanningsmeldinga 2023:

- Tilstandsrapporten for høgare utdanning (2023).<sup>9</sup> Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2023».
- Database for statistikk om høgare utdanning (DBH).<sup>10</sup> Denne kjelda er markert med «DBH».
- Cristin<sup>11</sup> er eit forskingsinformasjonssystem der vitenskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrert. Cristin-registreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH.

I tillegg har HVO sine nettsider, intern statistikk og Forskingsmelding 2022 vorte nytta i arbeidet.

---

<sup>9</sup> <https://hkdir.no/rapportar/tilstandsrapport-for-hoeyereutdanning-2023>

<sup>10</sup> [Database for statistikk om høgere utdanning - DBH \(hkdir.no\)](#)

<sup>11</sup> [Cristin](#)